



Til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

&

Samferdselsdepartementet

03. april 2018

Høyringsinnspel - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2020

Eit godt flytilbod ved Sogndal lufthamn Haukåsen er svært viktig for Rocketfarm AS og Nlink AS . Dagens tilbod er ikkje godt nok for å sikre vekst og utvikling for vår verksemd eller for Sogn. Låg regularitet og høge prisar gir ikkje eit fleksibelt og godt nok tilbod for våre tilsette/innbyggjarar. Me har behov for ein regularitet som sikrar transport av både tilsette og varer, og til å kunne gjennomføre dagsmøter i både Bergen og Oslo utan at dette er vesentlege ulemper transportmessig. Det same være seg besøk frå kundar og leverandørar motsatt veg.

Luftfart skapar vekst og velferd. Administrerande direktør i NHO Luftfart, Torbjørn Lothe, sa det i klartekst under ein presentasjon 14. mars. Den økonomiske effekten av luftfarten er stor, og for Noreg er betydninga ekstra stor. Vi har lange avstandar og må halda ved lag busetting, internasjonalt næringsliv og turisme som vekstnæring. Dette kjenner vi oss sterkt igjen i.

Å vere ein region med fleire parallelle fusjonsprosessar, aukar behovet for eit betre flytilbod. Behovet for betre flyforbindingar mot Bergen vil auke i åra som kjem, med ein høgskule og fylkeskommune i samanslåing. Mot Oslo vil behovet alltid vere der, då mange hovudkontor og fagmiljø er lokalisert i hovudstaden, samtidig som mange reisande må via Gardermoen for reise til inn- og utland.

Vi meiner dette må til for å dekke desse behova:

Nattstasjonerte fly

Utan nattstasjonerte fly, må det lande fly på Haukåsen før morgonflyet kan ta av. Det skapar mykje forseinkingar og kanselleringar, særleg om vinteren. Dette gjer at reisande frå Sogn ikkje tør å stole på at morgonflyet går. Dei reiser alternativt, eller tek kveldsflyet dagen før.

Med nattstasjonerte fly, vil regulariteten bli langt betre. Vi vil få sikre avgangar på morgonen. I tillegg vil vi få fleire plassar til rådvelde frå Sogndal, utan halvfulle fly frå Sandane. I dag er morgonflyet ofte fullt frå Sogndal, og mange må reise på andre tider eller på andre måtar. Stabile avgangar på morgonen vil gi auka etterspurnaden. Dette vil òg kunne gi høgare kabinfaktor på returfly til Sogndal.



Fleire direkterutar

Folk vil ha direkterutar. Mellomlandingar tar unødvendig mykje tid og folk vel alternative reisemetodar. Det ser vi tydeleg etter at direkteruta mot Oslo kl. 13.30 vart fjerna. Dette har vore den best nytta flyginga frå Haukåsen. I desember 2017 begynte denne ruta å gå om Florø, og auka flytida frå 50 minuttar til 1 time og 55 minuttar. Dette har nesten halvert trafikken på denne avgangen.

Det same ser vi i helgane. Å fly til Oslo laurdag via Ørsta/Volda tek 1 time og 50 minuttar, og blir ikkje eit reelt alternativ. Folk tek heller bilen. Det går ingen fly mot Bergen på laurdagar.

Returrutar som gir ein «normal» arbeidsdag

Returfly-tilbodet til Sogndal i dag gjer det vanskelig å korrespondere med andre fly, både innland og utland. Skal ein på dagstur til Oslo eller Bergen, går første fly heim etter normal arbeidstid, klokka 20.00. Køyrrer ein frå Bergen klokka 16.00, er ein heime før flyet landar. Dette vert òg nemnd i rapporten frå Møreforsk (s.30) at «... turen tilbake til Sogndal er mer problematisk enn utreisen ...». Utan eit godt returtilbod frå storbyane, blir det mindre attraktivt å reise ut med tidlegare fly.

Med dette ber vi om at det blir sett vilkår om nattstasjonert fly ved Sogndal lufthamn Haukåsen i komande konsesjonsrunde, at vi får fleire direkterutar til og frå Sogndal, og at returrutane vil gje oss betre moglegheit for å ta dagsturar mot Oslo og Bergen.

Dette vil gi oss eit viktig grunnlaget for å skapa vekst og velferd i vår region.

Vennleg helsing

Rocketfarm AS og Nlink AS

Egil Mundal

Dagleg leiar Rocketfarm AS
(sign.)

Halvor Gregusson

Dagleg leiar NLink AS
(sign.)